



Finansdepartementet

Høringsuttale om forslag til å fjerna eigedomsskatt på verk og bruk

Vedlagt følgjer Voss kommune sin uttale.

Med helsing
Voss kommune
Dokumentsenteret

Målfrid Sivertsen
Politisk sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:

Namn	Adresse	Postnr/ Stad



Saksutskrift

Arkivsak-dok. 15/02750-3
Arkivkode. 232
Saksbehandler Bernt Eilev Aalvik

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Utval for formannskap/plan og økonomi	10.09.2015	91/15

Høring – Forslag om fjerning av eiedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Utval for formannskap/plan og økonomi har behandlet saken i møte 10.09.2015 sak 91/15

Møtebehandling

Votering

Administrasjonen si innstilling vart vedteken med 7 mot 2 røyster.

Vedtak

Høyringsuttale til Finansdepartementet blir godkjent slik den ligg føre i vedlegg.

Administrasjonen si innstilling:

Høyringsuttale til Finansdepartementet blir godkjent slik den ligg føre i vedlegg.

Vedlegg:

Høring-fjerne eiedomsskatt på produksjosnutstyr og produksjonsinstallasjonar i verk og bruk.docx

Samandrag av saka:

Regjering har sendt på høyring framlegg til endring i eigedomskattelova på arbeidsmaskiner mv. for verk og bruk. Konsekvensen for Voss kommune av ei slik lovendring er at inntektene frå eigedomsskatt verta redusert med om lag 3 mill.kr. for alternativ 1 og 3,5 mill.kr. for alternativ 2.

Fakta om saka:

Frå høringsdokumentet:

«Regjeringen har i Sundvolden-erklæringen har regjeringen gitt uttrykk for et ønske om å fjerne eiendomsskatten på maskiner. I tråd med dette sender departementet nå på høring forslag til endringer i regelen om eiendomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk. Endringene som foreslås vil gi bedre forutberegnelighet ved utskrivningen av eiendomsskatt både for kommunene og de eiendomsskattepliktige, og samtidig innebære en betydelig lettelse i skattebyrden for mange bedrifter. Motsatsen er en betydelig reduksjon i mange kommuners eiendomsskatteinntekter.

I høringsnotatet legger departementet fram to alternative forslag. Alternativ 1 innebærer at produksjonsutstyr og –installasjoner skal fritas for eiendomsskatt, mens alternativ 2 ikke bare fritar slikt utstyr, men også innebærer at verk og bruk opphører som egen kategori med den følge at slike eiendommer eiendomsbeskattes som alminnelig næringseiendom.»

Administrasjonen si vurdering:

Både kommunane sin interesseorganisasjon (KS) og landsamanslutninga av vassdragskommunar (LVK) har gått i mot endringane i eigedomskattelova (sjå vedlegg). KS skriv at Endringa vil medføra tap for kommunen og inntektstapet vert overført til staten i form av auka selskapskatt og særskatt som ikkje kjem dei lokale næringsdrivande til gode. Framlegget kan også sjåast som at kommunane skal behalda ein mindre del av dei inntekter som vert skapt lokalt.

Administrasjonen er samd i LVK og KS sine vurderingar og legg difor fram eit framlegg til høringsuttale som er negativ til lovendringsframlegget.



Høyring-fjerne
eigedomsskatt på pr



Høringsuttalelse-ei
endomsskatt-verk o



KS-Høringsuttalels
e-VerkBruk-2108201

RETT UTSKRIFT

DATO 23.september.2015

Høyring – Forslag om fjerning av eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Vi viser til høyringsnotat av 18.06.2015 om eigedomskattlegging av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk.

Forslaget slik det ligg føre frå finansdepartementet vil gje Voss kommune eit inntektstap på mellom 3 og 3,5 mill. kr årleg. Dei føreslegne endringane vil slå mest ut på for kraftliner og teleanlegg i Voss kommune. og medfører berre mindre reduksjon av eigedomsskatt for lokalt næringsliv.

I forslaget frå finansdepartementet skriv dei at det vil innebera betydelege skattelette for næringslivet. I Voss kommune sitt tilfelle vil skatteletta koma store kraftselskap og nasjonale teleselskap til nytte. I høyringsnotatet frå departementet vert det påpeika at selskapskatten vil koma til å auka. Denne skatten vil ikkje koma Voss kommune til gode då desse kraftselskapa ikkje har adresse eller mange tilsette innan kommunen. Ein slik reduksjon i eigedomskatten kan medføra at kommunen må auke eigedomskatten på bustad- og fritidseigedomar for å kompensera for inntektsbortfallet.

Framlegget inneber ei dreining i inntekt frå kommunane til staten. Mange av selskapa som får skattelette er statlege, som t.d. Statnett, og desse vil kunna kan gje staten auka utbyte, men ikkje noko inntekter til kommunen.

På grunnlag av dette støttar ikkje Voss kommune framlegget.
Voss kommune viser og til uttale frå LVK og KS.

Dersom endringane vert sett i verk må kommunen få kompensert heile tapet.